

DEN FØRSTE SLURKEN MED ØL

Det er den einaste som tel. Dei andre, dei meir langstrekke, meir og meir ubetydelege, kjennest berre lunkent klebrige, gir berre ein sørpete fylde. Den siste, med sluttens desillusjon, finn kanskje att eit skin av kraft ...

Men den første slurken! Slurken? Det begynner lenge før svelget. Allereie på leppene, dette skummande gullet, ei friskheit forsterka gjennom skummet, og deretter langsamt mot ganen, ei lykke silt gjennom det beiske. Så lang den verkar, den første slurken! Ein drikk den straks, med ei falskt instinktiv grådighet. Når sant skal seiast, er alt saman gitt på førehand: mengda, dette akkurat passelege som utgjer det ideelle agnet; det brå velværet som blir understreka med eit sukk, ei smatting, eller ei stille som er på høgde med dei begge; den svikefulle kjensla av ei nyting som opnar seg mot det uendelige ... Samtidig veit ein det alt. Det beste er forbi. Ein set frå seg glaset, og ein set det jamvel litt på avstand, på den vesle, firkanta ølbrikka. Ein nyt fargen, falsk honning, kald søl. Gjennom eit helt ritual av klokskap og venting vil ein gjere seg til herre over det mirakelet som nettopp har både skjedd og fordufta. Ein les tilfreds på utsida av glaset det nøyaktige namnet på ølet ein har bestilt. Men beger og innhald kan spørje og svare kvarandre til evig tid, det vil likevel ikkje gjenta seg. Ein skulle likt å behalde løyndommen til reine gullet, stenge den inne i formlat. Men framfor det vesle kvite bordet sitt, tilskvetta av søl, kan den skuffa alkymisten berre berge skinet, og drikk meir og meir øl med mindre og mindre glede. Det er ei bitter lykke: ein drikk for å gløyme den første slurken.

Translated from French by Ragnar Hovland